



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernområde**

**Besøksadresse**  
Skinnarbu  
3661 Rjukan

**Postadresse**  
Postboks 2076  
3103 Tønsberg

**Kontakt**  
Sentralbord +47 33 37 10 00  
Direkte +47 953 00 640  
fmrtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-  
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2022/3006 - 432.2

Dato 14.10.2022

## Innkalling til styremøte 27.10.22

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Torsdag 27.10.22 kl. 10:00  
Stad: Skinnarbu

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller [krkhe@statsforvalteren.no](mailto:krkhe@statsforvalteren.no) om du ikkje kan møte.

### Saksliste:

- |           |                                                                                                                                                  |
|-----------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Sak 18/22 | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                                                                                           |
| Sak 19/22 | Saksframlegg:<br>Søknad om å rive eksisterande hytte og oppføring av ny tømre på gnr. 138 bnr. 6 -<br>Annbjørg Øverbø                            |
| Sak 20/22 | Saksframlegg:<br>Søknad om riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte ved Borbekk i<br>Gausdalen i Tinn kommune - Svein Harald Lunden |
| Sak 21/22 | Saksframlegg:<br>Søknad om løyve for å køyre ATV frå Småtjønn til Svain-Robekk i Seljord kommune<br>- Sigmund Blika                              |
| Sak 22/22 | Referatsaker                                                                                                                                     |
| Sak 23/22 | Eventuelt                                                                                                                                        |
| Sak 24/22 | Neste møte                                                                                                                                       |



Sak 19/22

## Søknad om å rive eksisterande hytte og oppføring av ny tømre på gnr. 138 bnr. 6 - Annbjørg Øverbø

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

### Kort om saka

Annbjørg Øverbø er grunneigar og søker om løyve til å rive dagens mindre hytte og oppføre ny tømre i same storleik på same plassering. Hytta ligg ved Homtjønn på gnr. 138 bnr. 6 i Seljord kommune. Dagens hytte er på 37-40 m<sup>2</sup> BYA, og ny tømre vil vere i same storleik og ha same tal på sengeplassar.

Kommunen uttaler i oversendingsbrev at dei er positive til tiltaket og kan ikkje sjå at tiltaket er i strid med retningsliner og praktisering av forvaltninga i landskapsvernområdet. Hytta er av enkel standard og ber preg av manglande vedlikehald over tid. Det er også lagt ved fleire bilete av hytta frå ei synfaring gjort av kommunen i 2021.

Seljord kommune har oversendt søknaden for handsaming etter verneforskrifta for verneområdet. Kommunen avventar vidare handsaming av søknaden etter plan- og bygningslova til søknaden er handsama av verneområdestyret for verneområde Brattefjell – Vindeggen.

### Vedlegg

- Søknad motteke 02.09.2022 (2022/8209 – 1).

### Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

### Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)."* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet.



I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitenskapelig kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

### **Vurdering**

Hytta ligg i ytterkant av den sørvestre delen av verneområdet, i det som blir definert som vernesona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for vernesona. Det er difor planens generelle bestemningar som er førande i denne saka.

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m<sup>2</sup>, mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m<sup>2</sup> – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m<sup>2</sup>.

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slag verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verker negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege. Til dømes er det sannsynleg å anta at utviding av overnattingskapasitet på ei hytte vil kunne medføre meir bruk og auke i samla belastning i et verneområde, enn om same hytta berre endra fasade eller vart ombygd med same storleik og kapasitet. Er forvaltningsmyndigheita likevel usikker på kva negative effektar eit tiltak kan medføre for verneområdet, kan dei nytte Naturmangfaldlovas bestemming om «føre-var prinsippet».

På den måten har forvaltningsmyndigheita anledning til å seie *nei* med utgangspunkt i at ein er usikker på om tiltaket vil skade verneføremåla eller ikkje.

Kunnskapsgrunnlaget for denne saka (jf. NML § 8) er basert på Naturbasen, dyreposisjonar, forvaltningsplan, Norsk raudliste for naturtypar, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, samt registreringar av stølsanlegg og skjøtselsplan for stølsområde. I tillegg kjem all kunnskap om villreinen i området.

Hytta ligg akkurat innanfor verneområde og definert villreinområde. Her er normalt verken kalving eller viktig vinterbeite, men området er likevel eit viktig habitat for reinen. Sumar og haust har reinen ein klår preferanse for å bruke lågareliggande område og det er godt kjend at reinen periodevis kan



opphele seg i området. Det er ikkje kjende kulturminne i området, heller ikkje registrert raudlista naturtypar på staden.

I denne saka søkjast det om løyve til å rive eksisterande hytte på ca. 37-40 m<sup>2</sup>, og sette opp ei ny tømre på same stad i same storleik og same antal sengeplassar. Grunngeving for søknaden er at det er ynskeleg å rive dagens hytte grunna at den er i dårleg forfatning.

I dette høvet dreier det seg ikkje om å utvide overnattingskapasitet på staden, og det er difor ikkje å anta at ei ny tømre med same plassering og storleik vil påverke verneverdiane på nokon måte. Totalt BYA vil vere uendra, og samla BYA på staden vil vere innanfor den definera maksgrensa for storleik som forvaltingsplanen legg til grunn.

Estetikk er spesielt framheva når det gjeld bygningar i landskapsvernområde. Det heiter seg i forvaltingsplanen at dei skal ha ei tradisjonell byggestil og brun eller gråaktig farge, medan taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggjar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse.

Teikningane i søknaden syner eit tradisjonelt bygg som vil vere i samsvar med desse føringane for bygningar i området, og området vil framleis ha eit tradisjonelt preg.

Når ein følgjer forvaltningsplanens reglar om utsjånad og materialval, meiner forvaltaren at endringane ikkje vil påverke opplevinga av landskapet på staden.

Vurdering i høve til kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta:

Riving og oppsetting av nytt bygg på same stad med same areal kan i utgangspunktet kome inn under summen av omgrepa "mindre tilbygg" og "ombygging".

Riving av eksisterande hytte og oppføring av nytt vil ikkje føre til relevant auke i bruken, men det kan tenkjast noko auke i trafikk i samband med materialtransport og bygging. Skulle det vere villrein på staden på denne tid, så bør transport og/eller bygging stanse opp.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølvsagt få litt meir støy på staden i samband med sjølvne arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Alle avgjerder av ein forvaltingsmyndigheit vil skape presedens. Så også denne saka. Slik forvaltaren ser det, kan eit positivt vedtak forsvarast også ut frå moglege presedensverknader.

**Framlegg til vedtak:**

Verneområdestyret gjev Annbjørg Øverbø løyve til riving av eksisterande hytte, og oppføring av ny tømre på inntil 40 m<sup>2</sup> BYA på gnr. 138 bnr. 6 ved Homtjønn i Seljord kommune, i samsvar med søknad dagsett 02.09.22. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernområde**

---

- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner nytt bygg frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følge av aktiviteten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Annbjørg Øverbø.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



## Sak 20/22

# Søknad om riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte ved Borbekk i Gausdalen i Tinn kommune - Svein Harald Lunden

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

### **Kort om saka**

Svein Harald Lunden søker om løyve til å rive eksisterande og sette opp ny hytte på same stad ved Borbekk i Gausdalen, gnr. 128 bnr. 57 i Tinn kommune. Hytta skal ikkje ha innlagt vatn/avløp, og eksisterande hytte vert tenkt å rive på hausten/vinteren. Ny hytte skal fraktast inn med helikopter, og tiltaket opplystast å vere i tråd med gjeldande bestemmingar. Eksisterande hytte er på 70 m<sup>2</sup> BYA. Ny hytte skal ha totalt 80 m<sup>2</sup> BYA.

Verneområdeforvaltar var på synfaring 10.03.21 for å foreta ei oppmåling av BYA på hytta ved Borbekk i samband med søknad om oppsetting av nytt uthus. Bilete frå synfaringa er vedlagt i saka.

### **Vedlegg**

- Søknad motteke 22.08.22 (2022/8491 – 1).
- Bilete av eksisterande hytte, frå synfaring 10.03.21.

### **Andre relevante dokument, ikkje vedlagde**

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

### **Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova**

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)"* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av



naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

### **Vurdering**

Hytta ligg i kulturlandskapsona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for kulturlandskapsona. Det er difor planens generelle bestemmingar som er førande i denne saka.

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m<sup>2</sup>, mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m<sup>2</sup> – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m<sup>2</sup>.

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slag verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verker negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege. Til dømes er det sannsynleg å anta at utviding av overnattingskapasitet på ei hytte vil kunne medføre meir bruk og auke i samla belastning i et verneområde, enn om same hytta endra fasade eller vart ombygd med same storleik og kapasitet. Er forvaltningsmyndigheita likevel usikker på kva negative effektar eit tiltak kan medføre for verneområdet, kan dei nytte Naturmangfaldlovas bestemming om «føre-var prinsippet».

På den måten har forvaltningsmyndigheita anledning til å seie *nei* med utgangspunkt i at ein er usikker på om tiltaket vil skade verneføremåla eller ikkje.

Kunnskapsgrunnlaget for denne saka (jf. NML § 8) er basert på Naturbasen, dyreposisjonar, forvaltningsplan, Norsk raudliste for naturtypar, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, samt registreringar av stølsanlegg og skjøtselsplan for stølsområde. I tillegg kjem all kunnskap om villreinen i området.

I denne saka søkjast det om løyve til å rive eksisterande hytte på BYA 70 m<sup>2</sup>, og sette opp ei ny hytte på omtrent same plassering, jf. situasjonskart. Ny hytte skal vere på 80 m<sup>2</sup> BYA, og vil få ei anna fasade og utsjånad enn eksisterande hytte.



Estetikk er spesielt framheva når det gjeld bygningar i landskapsvernområde. Det heiter seg i forvaltingsplanen at alle byggetiltak må tilpassast byggeskikken i lokalmiljøet med omsyn til takvinkel, taktekking, storleik, farge og fasade. Hytter skal ha ei tradisjonell byggestil og brun eller gråaktig farge, medan taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggjar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse. Det står vidare at det ikkje skal gjevast dispensasjon til bygging av kjellar eller bygg med fleire etasjar. Kommunane kan gje estetiske retningslinjer og forskrifter i tråd med PBL § 29. Eventuell godkjenning av innsetting av vindauger må ikkje endre bygningen sin karakter og må vere underordna bygningane sitt opphavlege preg.

Teikningane i søknaden syner ei fasade, farge, takvinklar og materialval som ser greitt ut i høve til retningslinjene, mens vindauger på ny hytte ser ut til å vere ein god del større og moderne enn på eksisterande hytte. Forvaltninga må vurdere om slike vindauger er i tråd med lokal og tradisjonell byggestil i området. Tradisjonelt sett har vindauger på slike fjellhytter i verneområdet hatt mindre sprossevindauger, noko som er å rekne som lokal byggeskikk. I dette høvet er det moderne og store vindaugsflater som er planlagt på ny hytte. Forvaltar meiner at ulempa med slike store vindaugsflater er at dei visuelt kan gje mykje gjenskin og «spegl-effekt» i landskapet samt at det bryt med lokal byggeskikk i verneområdet.

Slik forvaltar oppfattar søknaden, vil det i dette høvet ikkje dreie seg om å utvide overnattingskapasitet på staden eller føre til endra bruk. Det er positivt, og vil slik sett truleg ikkje påverke verneverdiane på nokon måte. I høve til verneforskrift og forvaltingsplan er det klare og definerte retningslinjer for bygningar i verneområdet. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m<sup>2</sup>, mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m<sup>2</sup> – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m<sup>2</sup>.

Eksisterande hytte er på BYA 70 m<sup>2</sup>, noko som i utgangspunktet er større enn maksimal tillate storleik på 65 m<sup>2</sup>. Praksisen i verneområdet er ikkje slik at ein kan «låne» areal frå eit manglande uthus slik at hytta blir større. Det er maksimalt 65 m<sup>2</sup> + 15 m<sup>2</sup> som gjeld, og dette reknar verneområdeforvaltninga som ei absolutt grense. Det vil vere ei uheldig praksis om forvaltninga ikkje fylgjer desse arealkrava, då det kan føre til utfordrande presedensverknadar for byggesaker i heile verneområdet.

I dette høvet vil totalt BYA bli auka, men samla BYA på staden vil framleis vere innanfor den definera maksgrensa for storleik som forvaltingsplanen legg til grunn (80 m<sup>2</sup>). Likevel, fordelinga av maksimal storleik 65 m<sup>2</sup> + 15 m<sup>2</sup> vil ikkje vere i tråd med retningslinjene i forvaltingsplanen for verneområdet.

Sidan eksisterande hytte allereie er på 70 m<sup>2</sup> kan forvaltninga i dette høvet strekke seg til at ny hytte får tilsvarande storleik, men då må eventuelt uthus vere på maksimalt 10 m<sup>2</sup>. I tillegg må vindaugsflatene reduserast og tilpassast noko, då det vurderast å bryte med lokal byggeskikk i området.

Vurdering i høve til kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta:

Riving og oppsetting av nytt bygg på same stad med same areal kan i utgangspunktet kome inn under summen av omgrepa "mindre tilbygg" og "ombygging".

Riving av eksisterande hytte og oppføring av nytt vil ikkje føre til relevant auke i bruken, men det kan tenkjast noko auke i trafikk i samband med materialtransport og bygging. Skulle det vere villrein på staden på denne tid, så bør transport og/eller bygging stanse opp.





Hytta ligg nord-aust i verneområdet og i definert villreinområde, men ikkje innanfor definert vinterbeite eller kalvingsområde. Området er likevel å rekne som eit viktig habitat, då villreinen ofte nyttar dei nordlege områda i verneområdet haust og vinterstid.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølvstøtt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Sett bort frå storleiken og fasade knytt til bruk av vindaug, oppfattar forvaltaren tiltaket som greitt. Men forvaltningsplanens maksimale storleik for hytte på 65 m<sup>2</sup> og uthus på 15 m<sup>2</sup> må oppfattast som ei absolutt grense. I dette høvet er planlagt ny hytte på BYA 80 m<sup>2</sup> for stor, og må reduserast til inntil BYA 70 m<sup>2</sup>. Vindaugsflater må reduserast noko og tilpassast lokal byggeskikk i området. Forvaltingsmynde kan setje vilkår om at nye teikningar med desse justeringane må sendast inn til kommunen og verneområdestyret for godkjenning.

Alle avgjerder av ein forvaltingsmyndigheit vil skape presedens. Så også denne saka. Slik forvaltaren ser det, kan eit delvis positivt vedtak med klare vilkår forsvarast også ut frå moglege presedensverknader.

#### **Framlegg til vedtak:**

Verneområdestyret gjev Svein Harald Lunden løyve til å rive eksisterande hytte og oppsetting av ny hytte på inntil 70 m<sup>2</sup> BYA ved Borbekk i Gausdalen, gnr. 128 bnr. 57 i Tinn kommune.

Nye teikningar av hytte på inntil 70 m<sup>2</sup>, med reduerte vindaugsflater tilpassa lokal byggeskikk i området, må sendast til verneområdestyret og Tinn kommune for godkjenning før oppstart av byggearbeid.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Nye teikningar av hytte på inntil 70 m<sup>2</sup>, med reduerte vindaugsflater tilpassa lokal byggeskikk i området, må sendast til verneområdestyret og Tinn kommune for godkjenning før oppstart av byggearbeid.
- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Sjøppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Det skal takast omsyn til naturverdiar i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Kлага rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Svein Harald Lunden.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernområde**

---

Kopi:

- Tinn kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



## Sak 21/22

# Søknad om løyve for å køyre ATV frå Småtjønn til Svain-Robekk i Seljord kommune - Sigmund Blika

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

### Kort om saka

Sigmund Blika søker om løyve til å køyre 2-3 turar med ATV frå parkering ved Småtjønn til eiga hytte ved Svain-Robekk i Svartdalsheiane i Seljord kommune. Grunngeving for søknad er auka helseproblem som gjer det problematisk å gå inn til hytta. Traseen skal fylgje traktorveg til Smørbrekk, og vidare derifrå ei traktorslepe som vart brukt fram til det vart landskapsvernområde. Denne vegen fylgjer stort sett ein gamal kjerreveg frå eldre tider, og søker skriv at ein ATV her vil sette ubetydelege spor i naturen.

### Vedlegg

- Søknad motteke 21.06.22 (2022/6052-1).

### Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova (NML)
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje Kommunar, Telemark

### Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høg fjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er lågtflyging under 300 meter forbode, jf. kap. IV, pkt. 1.3. I kap. 1.4 står det vidare at "...All motorferdsel skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor og liknande."

I Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark, er all motorferdsle innanfor villreinområdet, definera som det kvite på N 50 kart 1:50.000, forbode i tida 15. april til 1. juli.

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går òg fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. I § 8 i lova (om kunnskapsgrunnlaget) går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader.



## Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde

Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet. Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som det aktuelle tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessig beste resultatet.

§ 48 i NML omhandlar dispensasjon frå vernevedtak. Paragrafens fyrste ledd seier at *"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig."*

### Vurdering

Sigmund Blika søker om løyve til å køyre 2-3 turar med ATV frå parkering ved Småtjønn til eiga hytte ved Svain-Robekk i Svartdalsheiane i Seljord kommune. Grunngeving for søknad er auka helseproblem som gjer det problematisk å gå inn til hytta. Det søkjast difor om å køyre 2-3 turar frå parkering ved Småtjønn og inn til hytta Svain-Robekk, ein avstand på 8-10 km. Det er ikkje opplyst om tidsrom for køyring i søknaden, og det dreier seg i dette høve om persontransport. Det er beskrive at køyretraseen skal følgje traktorveg til Smørbrekk, og vidare derifrå ei traktorslepe som vart brukt fram til det vart landskapsvernområde. Denne vegen følgjer stort sett ein gamal kjerreveg frå eldre tider, og søkjar skriv at ein ATV her vil sette ubetydelege spor i naturen.



Kartutsnitt som syner hytta og omtrentleg køyretrase som skal nyttast.



Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til aktiviteten, jf. NML §§ 8 og 9.

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området.

Med omsyn til motorferdsle, seier forvaltingsplanen at ein skal vere restriktiv i høve til å dispensere for motorferdsle. All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneforskrifta. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldslova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdselslova/nasjonal forskrift.

I denne saka er det spesielt terrengskadar og støy ein er oppteken av, og i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyremakta, og at *all motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmaende markskadar, hjulspor og liknande*.

Forvaltingsplan og verneforskrift seier at motorferdsle ikkje skal føre til varige markskader. Når det gjeld ATV-transport i verneområdet er det i utgangspunktet berre opna for uttransport av felt elg og hjort etter fastsette ruter som er peika ut av forvaltingsmyndigheita, eller nyttekøyring etter etablert veg/køyretrase når det er eit særleg behov som ikkje kan dekkast på annan måte, og som ikkje knyt seg til turkøyring/persontransport. Barmarkskøyring kan altså berre tillatast i heilt spesielle tilfelle på grunn av dei store terrengskadane det kan gje.

Første del av køyretraseen fylgjer ein ca. 2,4 km lang traktorveg frå vernegrensa og nordover langs Heiåi. Ut i frå kart og flyfoto ser traseen vidare ut til å fylgje mindre stiar og terreng opp til hytta. Køyring med ATV i slikt terreng vurderast å kunne føre til skjemmaende hjulspor og terrengslitasje som blir liggande i lang tid. Særleg kan det gje konsekvensar om det køyrast i myrterreng og under fuktige terrengforhold.

Verneområdeforvaltar har forståing for søkjars ynskje og føremål med transporten, men alder og helse er ikkje grunnlag for å gje løyve til slik motorferdsel i utmark. På grunn av dei store og varige terrengskadane slik køyring kan gje, skal barmarkskøyring berre tillatast i heilt spesielle tilfelle knytt til nyttetransport og ikkje persontransport. Difor er reglane for køyring på barmark strengare enn på snødekt mark. Naudsynte transportar bør i størst mogleg grad gjerast på snø. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/ naturmangfaldslova er det ofte strengare reglar for motorisert ferdsle enn i nasjonal forskrift. I dette høvet har ikkje forvaltingsmyndigheita heimelsgrunnlag for å kunne gje løyve til ATV-transport som det søkjast om.

Det kan også påpeikast at om det er eit behov for nyttetransport knytt til hytta, så bør slik køyretransport utførast med snøskuter i vintersesongen.

Med mål om å halde motorferdsle på eit lågast mogleg nivå, vil det sitte langt inne å gje løyve også til barmarkstransport i slike høve. Det er ikkje praksis å innvilge søknadar om slik barmarkstransport i verneområdet, og viss ein fyrst startar opp ein slik uheldig praksis vil presset bli stort frå fleire hald.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernområde**

---

**Framlegg til vedtak:**

Verneområdestyret gjev ikkje Sigmund Blika løyve til barmarkstransport med ATV slik det er søkt om. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 1.4.

Det kan klagast på vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Sigmund Blika.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell